

Nesten 50 indianarar ved Fjellandsbø!

09.08.2008



Leiren er etablert og deltakarane klare for fjelltur. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein indianarstamme med bortimot 50 medlemmer slog seg laurdag ved middagstider til innunder Fjellandsbø og nektar å dra att før sundag ettermiddag. Til alt hell er indianarane av det svært fredelege slaget, sjølv om om enkelte av dei ser litt skremmande ut med ansiktsmaling og fargerik hovudpryd.



Masseproduksjon av mat før laurdagsturen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er tredje gong indianarane slår leir på denne staden og det er ingen tvil om at det trivst i denne praktfulle natur-ramma ved Fjellandsbø.

Det er Barnas Turlag med Helge Furdal, Sara Hjelmeland Arnesen og Knut Berge Eik som er avsvarelege for leiren.



Trond Myklebust lagar pil og boge til ungene sine: Tørres i forgrunnen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen, no var til stades under etableringa då det først vart masseprodusert pilar og bogar og deretter masseprodusert mat før heile flokken rusla ein tur oppunder Nåso og fekk lauga seg i ein kulp med friskt fjellvatn. Men leiarane streka under at det er viktig å ikkje leggja opp eit for stramt programn, men at ein i stor grad må la ting skje på ungene sine premissar.

Under leiren står så mangt av indianaraktivitetar på programmet, til dømes pil-og-boge-skyting, padling, balansering på slakk line og måling. Overnatting skjer sjølvsagt i lavvoar og telt. I morgon held leiren fram, som ein del av den store friluftsdagen som ein reknar med vil trekkja fleire hundre til Fjellandsbø. I fjor kom det 300! Det er nokre fleire deltakarar enn i fjor i indianarleiren og det er hovdingane svært fornøgde med.

Når vi spør dei om kvifor det blir satsa på ein slik leir, er svaret dette:

- Det er viktig at både unge og gamle samlast i naturen og lærer korleis dei skal oppføra seg ute. Ikkje minst er det vesentleg at dei forlet leirstaden fin og ryddig.

Men den sosiale sida teller meir: At unge og eldre samlast og er saman i naturen. Overnatting ute er viktig i denne samanhengen.

- Kvifor "indianarkonseptet"?

- Det vil alltid ha ein spesiell appell. Det bur jo ein indianar i oss alle!

Av Ola Matti Mathisen



Høvding Helge spikkar ei pil til ein av dei yngre indianarane. (Foto: Ola Matti Mathisen)